




**Kvam brann- og  
redningsvesen**


# Agenda

- Brann- og redningsvesenet som tilsynsmyndighet
- Kvifor vert det utført tilsyn, og kvar går me tilsyn
- Fokusområder
- Kva skjer etter eit tilsyn?





**ein del av**



Vest brann- og redningsregion

# Kvifor gjennomfører me eit informasjonsmøte?

- Me ynskjer ei tilnærming til rolla vår som tilsynsmyndighet gjennom:
  - Informasjon
  - Forståelse
  - Dialog og veiledning
  - Ansvarleggjering

# Tilsynsmyndighet

- Brann- og redningsvesenet er tilsynsmyndighet opp mot brann- og eksplosjonsvernlova
- Skal føre tilsyn med særskilte brannobjekt
- Særskilte brannobjekt er byggverk, opplag, områder, tunnelar, verksemder osv der brann kan medføre tap av mange liv eller store skadar på helse, miljø eller materielle verdier
- Kvar kommune skal ha ein oversikt over særskilte brannobjekt
- Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har utarbeida ein veileder som me tar utgangspunkt i
- Målet er at objektet er trygt og sikkert for både eigar, brukar og andre

- **Kvifor er campingplassar potensielt sett eit særskilt brannobjekt?**

- Mange personar innanfor eit lite område
- Mange liv kan gå tapt om det bryt ut brann, og store materielle og miljømessige konsekvensar
- Eit område med mykje brennbart materiale
- Campingvogner står ofte tett der smittefaren er stor og rømningstida går ned
- Normalt sett eit område med mykje propan



Foto: Pixabay/carlfrance

# Kvar går me tilsyn?

- I Kvam herad er godt over hundre byggverk potensielle særskilte brannobjekt utan at dei nødvendigvis er per i dag registrert som det
- Me tar utgangspunkt i ein modell der me prioriterer tilsyn på objekt der dei negative konsekvensane er størst dersom det oppstår ein uynskt situasjon som brann eller ulukke. Modellen er eit levande dokument
- I Kvam herad har me dei siste åra hatt hendingar med brann i ei eller fleire campingvogner

# Fokusområder ved eit tilsyn

- Heimelsgrunnlag er brann- og eksplosjonsvernlova §13
- Eigar har plikter som ein skal fylja som er knytt til
  - Kunnskap og informasjon om branntryggleik på objektet
  - Sørge for kontroll og vedlikehald av bygningsdelar og tryggleiksinnrettingar
  - Sørge for brannvarsling og slokkeutstyr
  - Fastsetje mål og iverksetje planar og tiltak for å sikre objektet mot brann
- Brukar har plikter som er knytt til
  - Brannsikker bruk av objektet
  - Dersom brukaren er ei verksemd skal ein fastsetje mål og iverksette planar og tiltak for å redusere risikoen for brann i objektet



# Eksempel på tema under tilsynet:

- Eigar sitt systematiske tryggleiksarbeid
- Brannvernopplæring
- Kontroll, ettersyn og vedlikehald av branntekniske installasjonar og utstyr
- Informasjon om brannvarslingsinnstallasjonar og sløkkjeutstyr til den enkelte vogneigar
- Tilgjenge og tilrettelegging for rednings- og sløkkemannskap

- Ved tilsyn er målet å sørge for at eigar og brukar kan **dokumentere** at lover og forskrifter vert fulgt
- Tilsyn vert utført gjennom **veiledning og dialog**, samstundes er det eigar og brukar si **plikt** til å sørge for at lover og forskrifter vert fulgt



Foto: Rogaland brann og redning IKS

- Kva skjer om ein ikkje kan dokumentere at lover og forskrifter vert fulgt?
- I disse tilfella resulterer tilsynet i
  - Avvik
  - Merknad

- Dersom ein får avvik på tilsynet fører det til:
  - Krav om tilbakemelding innan ein gitt frist med plan for korleis ein skal lukke avviket
  - Dersom tilbakemelding ikkje er tilfredsstillande eller at avviket ikkje vert lukka innan fristen kan det gjevast pålegg om å rette avviket innan ein frist gitt av tilsynsmyndigheta
  - Tvangsmulkt med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova § 39  
= for eksempel dagbøter
  - Stenging / forby bruk med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova § 37
    - Dersom tvangsmulkt ikkje fører fram
    - Eller dersom det ved tilsyn er **overhengande fare** der risikoen for brann er høg og konsekvensen for liv, helse, miljø og materielle verdier er stor. Dette er situasjonsbetinga og vert vurdert i kvart enkelt tilfelle

# Informasjon om lovverk

- Brann- og eksplosjonsvernlova
  - § 6 – førebyggjande sikringstiltak og vedlikehald
  - § 13 – heimelsgrunnlag for å føre tilsyn
- Forskrift om brannførebygging
  - Kapittel 2 og 3 – plikter for eigar og brukar



# Informasjon om lovverk

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid (internkontrollforskrifta)
  - Krav til at det systematiske tryggleiksarbeidet vert dokumentert
- Ulike veiledarar som er utarbeida som hjelpemiddel for å tolke forskriftene

- Alt av lovverk, forskrifter og veiledarar som er relevante vil me samle på ein nettstad slik at de kan lesa meir

